

## KOMMISJONSVEDTAK

2008/EØS/38/26

av 4. mars 2005

**om endring av vedtak 93/52/EØF og 2003/467/EF med omsyn til godkjenninga av Slovenia som fri for brucellose (*B. melitensis*) og enzootisk bovin leukose og Slovakia som fri for bovin tuberkulose og bovin brucellose(\*)**

[meldt under nummeret K(2005) 483]

(2005/179/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA  
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 64/432/EØF av 26. juni 1964 om dyrehelseproblemer ved handel med storfe og svin innenfor Fellesskapet<sup>(1)</sup>, særleg vedlegg A avsnitt I nr. 4, vedlegg A avsnitt II nr. 7 og vedlegg D kapittel I del E,

med tilvising til rådsdirektiv 91/68/EØF av 28. januar 1991 om krav til dyrehelse ved handel med sau og geit innenfor Fellesskapet<sup>(2)</sup>, særleg vedlegg A kapittel 1 avsnitt II, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) Listene over regionar i medlemsstatar som er godkjende som frie for brucellose (*B. melitensis*) i samsvar med direktiv 91/68/EØF, er førde opp i kommisjonsvedtak 93/52/EØF av 21. desember 1992 om konstatering av at visse medlemsstater eller regioner oppfyller vilkårene med hensyn til brucellose (*B. melitensis*), og om anerkjening av deres status som medlemsstater eller regioner offisielt fri for denne sykdommen<sup>(3)</sup>.
- 2) Brucellose hjå sau eller geit har vore ein meldepliktig sjukdom i Slovenia i minst fem år, og det har ikkje vore meldt om offisielt stadfesta tilfelle av sjukdommen i det nemnde tidsrommet. Vaksinerings mot sjukdommen har dessutan vore forbode i minst tre år i denne medlemsstaten. I tillegg har Slovenia plikta seg til å stette visse andre krav som er fastsette i direktiv 91/68/EØF med omsyn til

stikkprøver som skal utførast når denne medlemsstaten er vorten godkjend som fri for brucellose. Slovenia bør difor godkjennast som offisielt fri for brucellose (*B. melitensis*) når det gjeld driftseiningar med sauer eller geiter.

- 3) I direktiv 64/432/EØF er det fastsett at medlemsstatar eller delar av eller regionar i medlemsstatar kan verte godkjende som offisielt frie for tuberkulose, brucellose og enzootisk bovin leukose hjå storfebuskarar, på det vilkåret at visse krav i direktivet er stetta.
- 4) Listene over regionar i medlemsstatar som er godkjende som frie for bovin tuberkulose, bovin brucellose og enzootisk bovin leukose, er førde opp i kommisjonsvedtak 2003/467/EF av 23. juni 2003 om fastsetjing av status for storfebuskarar i visse medlemsstatar eller regionar i medlemsstatar som offisielt frie for tuberkulose, brucellose og enzootisk bovin leukose<sup>(4)</sup>.
- 5) Som følgje av den vurderinga som Kommisjonen har gjort av dokumentasjonen som Slovenia har lagt fram for å vise at staten stettar dei relevante krava som er førde opp i direktiv 64/432/EØF med omsyn til enzootisk bovin leukose, bør heile denne medlemsstaten godkjennast som offisielt fri for enzootisk bovin leukose.
- 6) Som følgje av den vurderinga som Kommisjonen har gjort av dokumentasjonen som Slovenia har lagt fram for å vise at staten stettar dei relevante krava som er førde opp i direktiv 64/432/EØF med omsyn til bovin tuberkulose og bovin brucellose, bør heile denne medlemsstaten godkjennast som offisielt fri for bovin tuberkulose og bovin brucellose.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 61 av 8.3.2005, s. 37, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 140/2005 av 2. desember 2005 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 10 av 23.2.2006, s. 10.

(1) TEF 121 av 29.7.1964, s. 1977/64. Direktivet sist endra ved forordning (EF) nr. 1/2005 (TEU L 3 av 5.1.2005, s. 1).

(2) TEF L 46 av 19.2.1991, s. 19. Direktivet sist endra ved direktiv 2004/554/EF (TEU L 248 av 9.7.2004, s. 1).

(3) TEF L 13 av 21.1.1993, s. 14. Vedtaket sist endra ved vedtak 2005/28/EF (TEU L 15 av 19.1.2005, s. 30).

(4) TEU L 156 av 25.6.2003, s. 74. Vedtaket sist endra ved vedtak 2005/28/EF.

7) Vedtak 93/52/EØF og 2003/467/EF bør difor endrast.

*Artikkel 2*

8) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

Vedlegg I, II og III til vedtak 2003/467/EF vert endra i samsvar med vedlegg II til dette vedtaket.

*Artikkel 3*

GJORT DETTE VEDTAKET:

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfirda i Brussel, 4. mars 2005.

*Artikkel 1*

Vedlegg I til vedtak 93/52/EF vert endra i samsvar med vedlegg I til dette vedtaket.

*For Kommissjonen*

Markos KYPRIANOU

*Medlem av Kommissjonen*

*VEDLEGG I*

Vedlegg I til vedtak 93/52/EØF skal lyde:

*«VEDLEGG I***MEDLEMSSTATER**

ISO-kode	Medlemsstat
BE	Belgia
CZ	Tsjekkia
DK	Danmark
DE	Tyskland
IE	Irland
LU	Luxembourg
HU	Ungarn
NL	Nederland
AT	Østerrike
SI	Slovenia
SK	Slovakia
FI	Finland
SE	Sverige
UK	Det forente kongerike»

## VEDLEGG II

I vedlegg I, II og III til vedtak 2003/467/EF vert det gjort følgjande endringar:

1. I vedlegg I skal kapittel 1 lyde:

## «KAPITTEL 1

**Medlemsstatar som er offisielt frie for tuberkulose**

ISO-kode	Medlemsstat
BE	Belgia
CZ	Tsjekkia
DK	Danmark
DE	Tyskland
FR	Frankrike
LU	Luxembourg
NL	Nederland
AT	Austerrike
SK	Slovakia
FI	Finland
SE	Sverige»

2. I vedlegg II skal kapittel 1 lyde:

## «KAPITTEL 1

**Medlemsstatar som er offisielt frie for brucellose**

ISO-kode	Medlemsstat
BE	Belgia
CZ	Tsjekkia
DK	Danmark
DE	Tyskland
LU	Luxembourg
NL	Nederland
AT	Austerrike
SK	Slovakia
FI	Finland
SE	Sverige»

3. I vedlegg III skal kapittel 1 lyde:

## «KAPITTEL 1

**Medlemsstatar som er offisielt frie for enzootisk bovin leukose**

ISO-kode	Medlemsstat
BE	Belgia
CZ	Tsjekkia
DK	Danmark
DE	Tyskland
ES	Spania
FR	Frankrike
IE	Irland
CY	Kypros
LU	Luxembourg
NL	Nederland
AT	Austerrike
SI	Slovenia
FI	Finland
SE	Sverige
UK	Det sameinte kongeriket»